

SI DIN MENING!

Innlegg på trykk skal være signert med fullt navn. Anonyme innlegg godtas bare unntaksvis, når det kan underbygges med helt spesielle behov for å være anonym. Skriv kort. Innlegg som er kortere enn 280 ord slipper først fram i køen.

Anbud gir flere jobb raskere

Tor André Johnsen
Storingsrepresentant Frp, Hedmark

Regjeringen foreslår å gi Rattførings- og vekstbedriftene økt konkurranse gjennom bruk av anbud. Det er allment kjent at anbud gir mer effektivitet og konkurranse. Hvis vi innfører anbud vil vi få flere raskere i jobb.

Anbud vil være bra for brukerne, som kommer raskere i jobb. Det vil være bra for familie og venner, som vil oppleve at brukerne kommer raskere i jobb. Det vil være bra for samfunnet, som får nytte av flere i produktivt arbeid raskere.

I skjermet sektor finnes det attførings- og vekstbedrifter som har avtale med Nav om levering av tiltak særlig rettet mot folk med nedsatt arbeids-evne. De produserer gjerne varer og tjenester, samt tilbyr arbeidsplassering i ordinære bedrifter. I dag er det kun en av fem som får jobb etter endt program i attførings- og vekstbedrifter. Det er for dårlig!

For få kommer seg i arbeid, og vi får ikke nok ut av alle milliardene vi bruker på arbeidsmarkedstiltak. Derfor kan ikke skjermet sektor lenger ha «monopol» på å levere alle løsningene som de leverer i dag. Flere aktører må kunne delta og hjelpe til med å få folk i jobb. Det som skjer mye god innen sosialt entreprenørskap, idealistiske stiftelser og diverse private tiltak. Det vil også være mulig å gjøre noen av anbudene avhengige av hvor mange som kommer seg i jobb.

Godtgjøringen de får er basert på hvor mange de får i jobb. Det vil belønne de dyktige og de som får resultater. Slike systemer er vanlige i mange andre land, også i Canada hvor Stortingets arbeids- og sosialkomité nylig har vært på studietur.



Kina og nynorsken

Jens Haugan

Kva har Kina og nynorsken felles? Tja, det er vel i utgangspunktet ikkje så mykje. Så korfor vel eg likevel ei slik overskrift?

Ein kunne jo alltid ha skrive om talespråk og skriftspråk i Kina versus Noreg, men det gjorde eg allereie i Språkåret 2013. Det er for så vidt spennande nok i seg sjølv. Men korfor tenkjer eg på Kina og nynorsken i dag, 6. mai 2014?

6. mai 2014 er ein ny merkedag, ein festdag, i norsk språkhistorie og språkpolitikk. 12. mai 1885 stemde Stortinget med 78 mot 31 stemmer for at «det norske Folkesprog», les: Ivar Aasens landsmål, skulle sidestilla med »vort almindelige Skrift- og Bogprog», som den gongen var det danske skriftspråket. Dette var starten på utviklinga av dei to norske skriftspråka nynorsk og bokmål.

No i 2014, 129 år etter det historiske jamstillingsvedtaket - og i samband med grunnlovsjubileet, stemde Stortinget med 168 stemmer mot 1 stemme for at Grunnlova skulle komme på begge målformene. Her er det ikkje snakk om berre eit fleirtal; det var alle utanom ein representant som gjorde eit nytt historisk vedtak og stemde for likestilling og demokrati. Det skulle jo elles berre mangle når Stortinget tidlegare hadde vedteke at ein skulle ha to jamstilte skriftspråk i Noreg.

Men det er faktisk ikkje så lenge sidan svært mange politikarar ikkje ville høyre snakk om noka grunnlov på nynorsk. Det er nok heller ikkje å ta for hardt i å påstå at dei fleste politikarane nok bryr seg «litt mindre» om nynorsk som målform. «Nynorskingar», dvs. veljarar og stemmer, er derimot ein viktig faktor i politikken. Det var ein faktor som ein

tydelegvis ikkje kunne sjå bort frå. Ein må derfor rekne med at mange stortingsrepresentantar først og fremst stemde «politisk korrekt» i denne saka.

Det er då eg tenkjer på Kina - og Dalai Lama. Dagen før Dalai Lamas besøk i Noreg stemmer altså politikarane «politisk korrekt», og det er rimeleg å gå ut ifrå at mange stemde mot si eiga overtyding, dvs. at ein del av dei kanskje helst såg at nynorsken mista statusen som offisielt skriftspråk. Når det gjeld Dalai Lama, finst det derimot også berre eitt politisk korrekt val. Landet som tildelte fredsprisen til Dalai Lama, burde jo sjølv sagt ta imot den same mannen når som helst og kvar som helst med den respekten og æra han fortener - det gjeld for så vidt alle offisielle gjester. Men den gongen ei.

Her er det altså politikarar som vel å høyre på Kina i staden for å vere politisk korrekte - eller i det minste høflege og vise vanleg folkeskikk. Men det er dei same mekanismene som rår. Kinesarane er for mange og for viktige for den norske staten. Det er då eg føler ei skar i gleda på denne dagen som jo er ein delsigar for nynorskens eksistens. Vi «nynorskingar» er tydelegvis ein maktfaktor på same måte som kinesarane, og eg veit ikkje om eg trivst med dette perspektivet. Arbeidet framover vil måtte bestå i å vise at politikarane valde rett når det gjaldt å gje etter for kravet om Grunnlova på begge målformene. Og politikarane må forstå at dei av same grunn heilt offisielt burde ha teke imot Dalai Lama. Det handlar om likeverd, likestilling og demokrati i Noreg som i verda. Dette er ikkje berre politisk korrekt - det burde vere heilt sjølv sagt i alle samanhengar.